



Arkiv: 430
Saksmappe: 2011/748
Sakshandsamar: Hogne Haugsdal
Dato: 06.06.2011

Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
88/11	Kommunestyret	16.06.2011

Høyring - Kompetansearbeidsplasser - Drivkraft for vekst i heile landet

Saka skal avgjerast endeleg i kommunestyret

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune støttar arbeidet som er gjort med utredninga ” Kompetansearbeidsplassar – drivkraft for vekst i heile landet” og legg ved høyringsuttale slik den ligg føre. Sjå vurdering.

Handsaming i Kommunestyret - 16.06.2011

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2011

Lindås kommune støttar arbeidet som er gjort med utredninga ” Kompetansearbeidsplassar – drivkraft for vekst i heile landet” og legg ved høyringsuttale slik den ligg føre. Sjå vurdering.

Saksutgreiing:

Saksdokument ikkje vedlagt:

Viser til:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/nouer/2011/nou-2011-3.html?id=635173>

Bakgrunn og mandat:

Kommunal- og regionaldepartementet nedsette eit utval i 2010 med oppgåve å sjå på dei store strukturelle endringane i arbeidsmarknaden, sentrale trekk er:

- Ein stor del av veksten i arbeidslivet kjem i spesialiserte, kunnskapsintensive bransjar i arbeidsmarknaden rundt Oslo. Samstundes er sysselsettinga redusert i industri og primærnæringar utanfor dei større by-regionane.
- Statlege verksemder har dei siste tiåra konsentrert fagmiljøa sine til færre stader.
- Mange område slit med å rekruttere og halde på personar i spesialiserte og kunnskapsintensive stillingar.

Utvalet har hatt som mandat å fremje konkrete forslag til tiltak for å sikre at kompetansearbeidsplassar og nye statlege arbeidsplassar vert spreidd i heile landet. Tiltak for

å sikre rekruttering til kompetansearbeidsplassar distrikta skulle også vurderast.

- Med kompetansearbeidsplassar meinast i denne samanhengen spesialiserte arbeidsplassar med krav til høgare utdanning.
- Utvalet skal vurdere tiltak som kan treffe både offentlege og private kompetansearbeidsplassar.
- Utvalet skal bygge forslaga på kunnskap om korleis slike arbeidsplassar vert lokaliserte i arbeidsmarknader av ulik storleik, viktige rammevilkår for slik lokalisering og korleis rekrutteringa til kompetansearbeidsplassar er i ulike typar arbeidsmarknader.
- Utvalet skal vurdere samfunnsøkonomiske konsekvensar av forslag til tiltak, og i denne samanhengen vurdere konsekvensar av tiltaka på funksjonsmåten til arbeidsmarknaden. Minst eitt av forslaga skal baserast på uendra ressursbruk

2. Utredninga si oppbygging

Kapitel 1 omtalar mandat, utvalet si samansetning og et samandrag av utvalets rapport, inkludert utvalet sine vurderingar og forslag til tiltak.

Kapitel 2 omtalar korleis globalisering påverkar og utfordrar regional utvikling.

Kapitel 3 omtalar korleis kompetanseintensive næringar og behovet for høgt utdanna folk vekst i takt og er gjensidig forsterkande.

Kapitel 4 omtalar arbeidsmarknadane over heile landet, med analyser av samspelet mellom jobbane, menneske og stadane. Dette er viktig for forståinga av kva som driver etableringar av, og rekrutteringa til, kompetansearbeidsplassar.

Kapitel 5 omtalar utvalet sine vurderingar og forslag til tiltak.

Kapitel 6 omtalar økonomiske og administrative konsekvensar av forslaga, inkludert forslag basert på uendra ressursbruk.

3. Utvalet sine forslag til tiltak

Utredninga inneheld til saman 26 forslag som skal støtte opp under følgjande fem innsatsområde:

- Utvikle robuste arbeidsmarknader
- Utvikle attraktive arbeidsplassar for høgt utdanna
- Styrke tilgangen til kompetent arbeidskraft
- Utvikle regional kunnskapsstruktur for samarbeid og livslang læring
- Omstilling av jobbar, menneske og stadar

3.1 Utvikle robuste arbeidsmarknader

a. Arbeide for ein aksept for at verkemiddelsoener kan inndelast etter arbeidsmarknadsregionar for å fremje utviklinga av robuste bu- og arbeidsmarknadsregionar.

b. Inkludere eit etappemål knytt til regionforstørring og robuste arbeidsmarknader i Nasjonal transportplan for 2014 – 2023.

c. Prioritere infrastrukturtiltak som utvide og/eller koplar saman regionale arbeidsmarknader.

d. Flyplasstrukturen og flytilbodet må utredast for å sjå om dagens struktur og tilbod tilfredsstillar det kompetanseintensive arbeidslivets behov.

e. Ved oppretting av nye statlige arbeidsplassar bør ein velge lokalisering i regionale sentra

som bidrar til å utvikle robuste arbeidsmarknader.

f. Legge til rette for, og gje insentivar til, at lokalisering av ulike funksjonar innan statlege verksemdar kan skje utanfor hovudstadsregionen.

- g. Legge til rette systematisk for fjernarbeid og staduavhengige arbeidsplassar innan offentlig sektor.
- h. Utrede muligheit for å innføre regional forankring av hovudkontor for heileigde offentlege selskap som ein eksplisitt målsetting i eigarskapspolitikken

3.2 Utvikle attraktive arbeidsplassar for høgt utdanna

- i. Innføre særskilte retningsliner og krav til metode, data og analyse som skal brukast ved evalueringar av verkemiddelbruken.
- j. Prioritere og auke satsinga på utbygging av høghastigheit breiband over heile landet.
- k. Forenkla målstrukturen og styringa av Innovasjon Norge, for å legge til rette for større og meir målretta satsingar.
- l. Prioritere verkemiddel som kan bidra til å utvikle sterke næringsklynger og kompetansemiljø. Dette gjelder også verkemiddel som bidrar til omstilling av verksemder og næringsmiljø i retning av kompetanseintensiv aktivitet.

3.3 Styrke tilgangen til kompetent arbeidskraft

- m. Prioritering av infrastrukturtiltak som gjer sparing av tid og betra tilgjengelige framfor personretta verkemiddel, til dømes fjerning av pendlarfrådrag.
- n. Vurdere om ordninga med avskrivning av studielån kan utvidast for å styrke tilgangen på arbeidskraft med høgare utdanning i utvalde geografiske områder.
- o. Gjennomføre ei evaluering av de samfunnsøkonomiske gevinstane ved regionale traineeordningar, som grunnlag for ei eventuell utvikling og utviding av ordninga.
- p. Legge til rette for god norskopplæring og meir effektiv godkjenning av eksisterande utdanning for innvandrar.
- q. Fremje kommunale utleigebustadar som rekrutteringsverkemiddel, gjennom å opprette ei ordning gjennom Husbanken som avlastar kommunane for risiko knytt til bygging av slike bustadar, forutsatt at kommunane sjølv tar initiativ til og legg til rette for en slik satsing.
- r. Oppmuntre til etablering av internasjonale skular for å styrke regionale arbeidsmarknadars attraktivitet.
- s. Legge til rette for, og oppmuntre til, oppretting av næringstilknytta spesialisert vidaregåande utdanning (TAF-tilbud) i fleire regionar enn i dag.

3.4 Utvikle regional kunnskapsstruktur for samarbeid og livslang læring

- t. Økt samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar, arbeidsliv og NAV, for å sikre relevansen og finansieringa av et desentralisert etter- og vidareutdanningstilbod.
- u. Studielåns- og stipendordningar for etter- og vidareutdanning bør styrkes og gjerast betinga av gjennomføring.
- v. Gje universitet og høgskolar sterkare insentiv til å samarbeide med lokalt næringsliv om innretning og spesialisering av utdanningstilbodet tilpasset lokalt arbeidslivs behov.
- w. Finansieringssystemet, det vil seie midlar knytt til satsinga på «Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon», må utformast slik at universitet, høgskular og instituttsektoren kan spele ei sterkare rolle i lokal kunnskapsformidling, innovasjon og omstilling til kunnskapsintensivt næringsliv.

3.5 Omstilling av jobbar, menneske og stadar

- x. Målretting av arbeidsmarknadstiltak mot omstillingsbehova i dei regionale arbeidsmarknadane.
- y. Tilgang til å gje støtte til etter- og vidareutdanning bør utvidast for å bidra til at arbeidstakarar skal komme i nytt produktivt arbeid.
- z. Verkemiddelbruken på tvers av sektorar og forvaltningsnivå bør koordinerast betre med sikte på tidlig innsats for omstilling til kompetanseintensiv verksemd.

Vurdering (Høyringsinnspel)

Lindås kommune synes utvalet har gjort ein god jobb med kome fram til ulike tiltak som kan sikre ei større geografisk spreiring av kompetanseintensive arbeidsplassar. Problemstillingar knytt til å få fleire slike arbeidsplassar ut i distrikta er høgst aktuell for Lindås kommune. Mellom anna har kommunen gått saman med nabokommunen Austrheim om ein felles strategisk næringsplan, og eitt av dei sentrale måla er å auka talet på bedrifter og arbeidsplassar som kan tilby spesialiserte arbeidsplassar med krav om høgare utdanning. Men før vi tar ei drøfting i forhold til tiltaka vil vi gje eit bilete på den regionen som Lindås kommune er ein del av.

Lindås kommune er ein av nabokommunane til Bergen og er ein del av ein felles bu- og arbeidsmarknad med byen. Lindås kommune er ein kommune i vekst og har nær 15.000 innbyggjarar. Lindås er også den største kommunen i regionen Nordhordland med til saman 40.000 innbyggjarar. Kommunesenteret Knarvik er også regionsenteret for Nordhordland og avstanden til Bergen er ca 30 min. Kort veg til Bergen har gjort at regionsenteret Knarvik og omegn har hatt sterk vekst dei siste åra, det er mange som bur rundt Knarvik og arbeider i Bergen. *I følgje regionsdefinisjonen i utredninga vil Lindås og Nordhordland vere ein småbyregion eller ei tettstadregion.* Lindås kommune har i dag netto utpendling, men denne utviklinga har stagnert dei siste åra og pendlinga inn til kommunen held fram med å stige. Nordhordland er også ein felles bu- og arbeidsmarknad med industriområdet på Mongstad som det store navet i forhold til arbeidsplassar. Store delar av Mongstad ligg i Lindås kommune og det er ein sær viktig arbeidsplass for kommunen. Raffineriet til Statoil Mongstad er den største verksemda med nær 1000 arbeidsplassar, totalt sett er det over 2000 arbeidsplassar i dette området. Avstanden mellom Bergen og industriområdet Mongstad er i overkant ein time med bil. Utbyggingane på Mongstad har vore sær viktig for utviklinga til Lindås kommune og Nordhordland, og aktiviteten i området gjev i dag ein stabil masse med arbeidsplassar, både innan fagarbeid og innan kompetanseintensive arbeidsplassar. Kommunen og regionen er spesielt sterk på kompetanse innan fagarbeid og det var i Lindås kommune ordninga med Teknisk allmennfag blei oppretta (TAF). Denne ordninga har ført til eit sterkt samarbeid mellom skule og næring i dette området.

Lindås kommune og Nordhordland har færre innbyggjarar med høgare utdanning enn landsgjennomsnittet og området har ingen tilbod om høgskule- eller universitetsutdanning. Det største "eksportvaren" for kommunen er ungdomar som skal ut og ta vidare utdanning. Dei kompetanseintensive arbeidsplassane i privat sektor er konsentrert rundt Mongstad og Knarvik, i tillegg er Lindås kommune største arbeidsgjevar i kommunen og tilbyr ei rekkje kompetansesarbeidsplassar.

Hovudutfordringar i Lindås kommune (og Nordhordland) sett i lys av tiltaka i rapporten.

Større geografisk spreiring av kompetanseintensive arbeidsplassar er eit av dei viktigaste måla som utvalet har peika på, dette er viktig for å få ei god utnytting ressursane i heile landet. Fleire og fleire i befolkninga får høgare utdanning og det er viktig å kunne tilby

attraktive og relevante jobbar der folk bur. Lindås kommune er samd med utvalet om at det trengs koordinert innsats på fleire politikkområde for å lykkast med ei slik utvikling. Det må på plass ein overordna heilskapeleg strategi for å sikre kompetansearbeidsplassar i heile landet.

Utvalet peiker på fleire innsatsområde for sikre kompetanseintensive arbeidsplassar i heile landet. Mellom anna må det skapast robuste regionale arbeidsmarknadar med ein kritisk masse av kompetanseintensive arbeidsplassar. Utvalet meiner at dette kan skje med å styrke dei regionale sentra. I tillegg må det prioriterast infrastrukturtiltak som legg til rette for regionsforstørring, og at dette må bli ein sentral del av Nasjonal Transportplan (NTP). Nordhordland med Lindås kommune har ein fordel med nærleiken til arbeidsmarknaden i Bergen, og 40 minutt (i rushtida) frå Knarvik til Bergen sentrum er ein relativt kort avstand. Det gjer at mange bur i Knarvik/Nordhordland og arbeider i Bergen. Knarvik er det naturlege regionsenteret som er prega av lett industri, handel, service og offentlege instansar. Den største konsentrasjonen av kompetanseintensive arbeidsplassar finn vi i dag på Mongstad og avstanden til Bergen er meir enn 1 time med bil. Ei slik avstand er ei utfordring for å tiltrekke seg folk og bedrifter med spesialisert kompetanse. Skal Lindås kommune og Nordhordland bli ein meir robust og attraktiv arbeidsmarknad, må avstanden til Bergensmarknaden kortast ned. I dag blir det jobba med ein samferdselspakke kalla "Nordhordlandspakken", som vil føre til ein tettare kontakt med Bergensmarknaden. Denne pakken er ein del av NTP og skal etter planen realiserast i 2018. Ny tunnel til frå Knarvik til Åsane er ein sentral del av pakken og då vil avstanden frå Knarvik til Bergen sentrum bli rundt 20 minutt med motorveg. Lindås kommune meiner at Knarvik som regionsenter vil styrka seg naturleg som følgje av dette og kommunen og regionen vil bli meir attraktiv ettersom avstandane blir mindre. Lindås kommune er derfor einig med utvalet om at ein må prioritere tiltak som legg til rette for regionsforstørring og tiltak som knyter arbeidsmarknadar tettare saman.

Utvalet peiker også på at utplassering av statlege arbeidsplassar og kommunesamanslåing kan bidra til større og meir attraktive fagmiljø. Lindås kommune er den største kommunen i ein region med mange små kommunar. Ein av dei store utfordringane til kommunane er å rekruttere kvalifisert arbeidskraft til ulike fagmiljø. For å kome framtidige utfordringar i møte har kommunane i Nordhordland sett i gang ein prosess med å sjå på kommunestrukturen i regionen. I fyrste omgang skal det utarbeidast ei utredning om saka.

Utvalet er tydeleg på at det offentlege verkemiddelapparatet treng ein revisjon, det er for mange satsingar og ordningane er for lite målretta i forhold til å skapa fleire kompetansearbeidsplassar. Dette er Lindås kommune samd i. Kommunen støttar utvalet sine vurderingar om at det må på plass færre, men større satsingar. Lindås er også samd i at det må satsast sterkare på næringsklynger og kompetansmiljø. Lindås kommune meiner også at det offentlege verkemiddelapparatet må vere meir synleg i regionane, dette vil bidra til at ordningane blir meir brukt. Viss auka bruk av verkemiddel er viktig for å bygge robuste arbeidsmarknadar, då bør til dømes Innovasjon Noreg vere fysisk tilstades i regionen.

Utvalet peikar på ei rekkje tiltak som kan bidra til fleire kompetanseintensive arbeidsplassar i distrikta. Mellom anna bør det satsast på regionale trainee-ordningar, ordninga med TAF bør styrkast og utvidast og ordninga med nedskrivning av studielån bør styrkast innan utvalde geografiske område. For Lindås kommune og Nordhordland har TAF vore avgjerande for å bygga eit tett samarbeid mellom skule og næring, og det har tilført næringslivet verdifull lokal kompetanse. Lindås kommune ser gjerne at TAF-

modellen blir styrka og utvida. Det same gjeld regionale trainee-ordningar. Dette er gode ordningar for å få inn kvalifisert personell med høgare utdanning, både til offentleg og privat sektor. Trainee-ordningar er attraktive, spesielt for nyutdanna.

Eitt viktig mål med å skape meir robuste arbeidsmarknader i regionane, er å tiltrekke seg attraktiv arbeidskraft som vil busetje seg permanent i regionane. Utvalet peikar på at tilgang på bustadar kan vere ei begrensing for å tiltrekke seg slik arbeidskraft, og at kommunale utleigebustadar kan vere eit treffsikkert rekrutteringsverkemiddel for tilflyttarar med høgare utdanning. Utvalet meiner det bør opprettast ei ordning gjennom Husbanken for slike utleigebustadar. Lindås kommune meiner eit slikt tiltak kan ha effekt på kort sikt, men det er viktig at ei slik ordning er ein del av ein overordna regional bustadpolitikk. Det viktigaste målet for kommunen er å tiltrekke seg fleire som vil bu permanent i området, derfor vil det vere viktigare for kommunane å legge til rette område som er ein del av den ordinære bustadmarknaden, enn å satse stort på utleigemarknad retta mot spesielle målgruppe.

I Lindås kommune og i Nordhordland er det ingen tilbod knytt til høgare utdanning, høgskule- og universitetsmiljøa i Bergen er dei næraste institusjonane. I mange andre regionar ser vi at eit tett samarbeid mellom utdanningsmiljøa og næringslivet gjev vekst i talet på kompetanseintensive arbeidsplassar. Eit døme på dette er Subsea-miljøet på Ågotnes utanfor Bergen. Høgskulen i Bergen og subsea-industrien har bygd opp eit masterprogram i undervannteknologi retta mot industrien sitt behov. Dette har ført til fleire kompetansearbeidsplassar i den regionen. I utredninga har det ikkje vore stort fokus på å kartlegge effekten av å plassere høgskulemiljø ut i distrikta, samt effekten av samarbeid mellom høgskulemiljøa og næringsliv. For Lindås kommune og Nordhordland er dette ei sær sentral problemstilling. På Mongstad er det for tida ei stor CO₂-satsing med bygging av eit teknologisenter for CO₂-fangt teknologi. Dette er eit internasjonalt FoU-prosjekt som er nasjonalt styrt. Lindås kommune meiner at eit tettare samarbeid mellom CO₂-prosjektet og FoU-miljøa i Bergen kunne ført til fleire kunnskaps- og kompetansearbeidsplassar i kommunen og regionen. Utvalet peiker også på at det er mogleg å gi universitet og høgskular sterkare insentiv for å samarbeide med lokalt næringsliv. Lindås kommune meiner at dette kan vere eit verkemiddel for tettare samarbeid, men det er viktig at ikkje dei økonomiske insentiva blir hovudmotivasjon for eit samarbeid. Hovudmotivasjon må alltid vere å ha eit fagleg samarbeid som er til det beste for næringsliv og for FoU-miljøa.

I rapporten kjem det fram at veksten i dei kompetanseintensive arbeidsplassane i hovudsak kjem i privat sektor. Det betyr at det er marknadskreftene som rår. For dei fleste bedriftene er tilgang til marknad og kompetent arbeidskraft dei viktigaste faktorane for vekst. Skal vi klare å bygge opp robuste og attraktive regionale arbeidsmarknader må kommunane i regionane i større grad samarbeide. Det gjeld mellom anna innanfor tilrettelegging, næringsareal, marknadsføring, infrastruktur og omdømebygging. Lindås kommune meiner det bør opprettast ordningar eller insentiv som motiverer kommunane til å samarbeide tettare om kompetanse- og næringsutvikling.